

Voss mållag
v/leiar Alf Jansen
Rognshagen 64
5705 Voss
alfjan@hfk.no

Kulturdepartementet

Postboks 8030 Dep,
0030 Oslo

Gjeld: Høyring om NRK-plakaten, utsett frist 3. september. Denne fråsegna har 2 – to – sider.

NRK har vore umåteleg viktig for formidling og utvikling av norsk språk, kultur og identitet. Den store oppslutninga som det totale tilbodet frå NRK framleis har, er internasjonalt eineståande for ein lisensfinansiert kringkastar. Det vitnar om at det norske folket vil ha nyheiter, underhaldning og kultur på sitt eige språk. I ei tid prega av globalisering, sentralisering og kommersialisering meiner Voss mållag at det er avgjerande for eit lite språksamfunn som det norske at det finst ein sterk, kommersielt uavhengig allmennkringkastar. Rammene for verksemda til NRK må såleis også i framtida styrast av våre folkevalde, og konkretiserast i dokument som NRK-plakaten.

Innan vitskap, underhaldning, næringsverksemd og teknologi er norsk språk under press, særleg frå engelsk. Det gjeld både skriftspråka bokmål og nynorsk og i noka mon også talemålet. Den digitale medieflaumen og raskt endra medievannar gjer at også norsk kultur og identitet i stort treng den stimulansen ein kompetent institusjon som NRK kan bidra med. Det krev at denne medieaktøren har eit breitt handlingsrom og eit klart definert samfunnsansvar.

Som målfolk veit vi at minoritetars rettar er avhengig av styrken i eigne organisasjonar. Men ikkje mindre viktig er offentlege institusjonar. Slik viser storsamfunnet vørnad for mangfaldet gjennom vilje til vern og stønad av utvalde samfunnsområde.

Av konkrete punkt i NRK-plakaten vil Voss mållag særleg framheva:

- NRK må ha klåre mål om minst 25 prosent nynorsk i sendingane sine. Målet må gjelda for alle plattformer og i alle kanalar. I dagens mediesituasjon er det avgjerande at NRK får vidareutvikla sine nettilbod. Her vert det produsert store tekstmengder som når mange. Derfor vil kravet om 25 prosent nynorsk også på nettsidene, vera vesentleg for representasjonen av nynorsk skriftmål.

- NRK skal lyfta fram normert nynorsk tale. Slik språkbruk bør vera regelen i manusbundne sendingar. Elles står nynorsk i fare for å bli redusert til eit mangfald av målføre, medan standard austnorsk ikkje vert oppfatta som ei dialekt, men som bokmål.

- NRK bør gje gode vilkår for NRK Nynorsk mediesenter slik at ein sikar tilgangen til kompetente nynorskbrukarar i kringkastingsarbeid også i framtida.
- NRK skal framleis ha eit breitt lokalt tilbod, produsera saker lokalt og må derfor halda oppe eit nett av distrikskontor over heile landet.
- NRK bør halda på kravet om 35 prosent norsk musikk
- Brukarar av samisk og andre nasjonale minoritetsspråk må få eige stoff på sitt språk.

Voss mållag, Alf Jansen, Leiar

Voss mållag har om lag 250 medlemmer og er eit av dei eldste mållaga i Hordaland.